



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
1
ROGALAND
1954

Namnet på vatnet

Biskåsvatnet

Kommune

Bisnesund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

G Å S H U S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 15. aug. 1974.

Vatnet ligg i Eigersund kommune, nærare stadfest aust for Bryneslandsvatnet ved E 18, ikkje langt frå Krossmoen. Arealet er omlag 5 ha og h.o.h. ca 130 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er sikkert noko djupt utpå, med meir grunnlendte partier nær land.

Stranda består for det meste av stein som går over til gjørmebotn på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein rik vegetasjon i vatnet. Botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet, som er lite, femner om dyrka mark, kulturbeiter og skogsmark der det veks spredt bjørkeskog.

Det største bekketilsiget fell inn i nord og bortsett frå dette fell det inn nokre mindre tilsig.

Avlaupet renn ut i vest og går til Bryneslandsvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul som indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 6.8 som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 1.5 mg/l og den totale hardheita 4.3 mg/l. Vatnet er såleis noko kalkfattig og pH utsett for svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 42.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 13 vårflugelarver, 8 fjærmygglarver, 1 musling, 1 fåberstemark og 1 dafnie - i alt 240 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 2 fjærmygglarver tilsvarande 20 individ pr. m².

På 10.0 m vart det funne 31 fjærmygglarver tilsvarande 310 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne plankton (linsekreps), fjærmygglarver, myggpupper, muslingar og fisk.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som rike både av dyre- og planteplankton.

Fisk m.v.


Fiskeslaga utgjer ferskvasssaure , røyr og ål.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 42 aurar og 6 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framvisning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 24 aurar og av desse var 2 røde, 10 lys-røde og 12 kvite i fiskekjettet.

Vidare var det 19 hofiskar og 5 hanfiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.


12 fiskar (50%) var gytefisk- resten gjellfisk.

Medel fyllingsgrad 1.6.

Ser vi på medellengde og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.9	9.9	16.6	20.8	23.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.9	5.0	6.7	4.2	2.6
Antall fiskar	24	24	24	23	9

Medel kondisjonsfaktor = 0.91 tilseier fisk av mager til middels kvalitet.



Vi har her sett opp ein vekstkurve for fisken i Gåshusvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, syner fisken stort sett ein god lengdetilvekst fram til 4 års alder og ligg over normalen for ein stor del. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 25 cm. men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Gåshusvatnet er eit relativt næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel til rette for fiskeproduksjon. Fiskebestandet er i dag noko i overkant av vatnet si bæreemne.

Dei kjemiske tilhøva er gode og botnprøvene, saman med planktonprøvene, syner at det er bra med næringsdyr i vatnet.

Av omfarfordelinga vil vi sjå, at 67 % av alle fiskane vart fanga på det eine garnet av omfar 32 og cm-klasse inndelinga syner at 24 cm lengde dominerar.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn. Nedslagsfeltet for Gåshusvatnet er lite og stort sett godt. P.g.a. tilsiga frå kulturbeiter og dyrka mark får vi ein nærast ideell pH og elles gode tilhøve.

Ser vi på fisken så er denne også bra, men den kunne også ha vore betre. Kondisjonsfaktor og vekstkurve tilseier eit fiskebestand som er litt i overkant i høve til næringsforrådet i vatnet. Det er mykje viktig at det er samsvar mellom desse faktorane.

Gytetilhøva er særst gode i avlaupsbekken, men også i tilsigsbekkene kan fisken gyte.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å redusere fiskebestanden noko. Kjøp inn 3-4 småmaska garn (garna kan tingast ved underskrivne) og driv utfisking med desse. Denne utfiskinga må sjølvstundt også femne om røyra, då denne har stor formeringsemne og lett for å bli dominerande, om ein ikkje gjer sitt beste for å halde bestanden i sjakk. Røyra gyt som kjent på hard, steinut botn så ein må lokalisere gyteplassene og setja garna her ved gytetider om hausten.

Ved å drive denne utfiskinga eit par år vil ein kunne sjå korleis fiskekvaliteten endrar seg til det betre.

Då vatnet er lite og oversikteleg, kan ein ved hjelp av garnfiske føre fiskebestanden til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Ålen er ein godt betalt matfisk, så denne må grunneigarane nyttiggjera seg. Ved å montere ei ålemér, på ein høvande stad på utfallsbekken, vil ein kunne fange utgangsålen. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet. Etter det vi fekk inntrykk av under prøvofisket, så var det interesse for å setje ut regnbueaure i Gåshusvatnet. Det er all grunn til å tru at ei slik utsetjing vil bli vellukka, men ein må søkja Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, Strandgt. 191, 5000 Bergen om løyve til slik utsetjing. Vert det sett ut regnbueaure må utfallsosen stengjast med ei nettingramme e.l. slik at ikkje regnbueauren går ut av vatnet.

Stavanger 24/3 1975

Einar Berg